



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 22.02.2018
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 16:00 - 19:30

Møtet startar med mat.

Presentasjon av resultatata frå UngData-undersøkinga ved rektor Liv Øydis Trædal og informasjon om Kvalitetsmeldinga for skule og barne hage ved oppvekstleiar Alf Strand i starten av møtet.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Frode Langhelle	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Atle Nordland	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Arthur Reidar Sjursen
Bjarte Dyrkolbotn	H	Atle Nordland
Astrid Daae Kristiansen	H	Lene Hansen Kvamsdal
Ellen Margrete Fotland Andvik	Krf	Jon Hope

Laila Furebotn	Sp	Wenche Daa
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Egil Kvingedal

Følgjande frå administrasjonen møte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2018	Godkjenning av møtebok
003/2018	Mindre reguleringsendring Hosteland sentrumsområde
004/2018	2. gangs handsaming av reguleringsplan for Risnes tomteområde - Dragseidevegen
005/2018	Drøfting oppstart av offentlig reguleringsplan for naustområde på Hosteland med omkringliggende areal
006/2018	IKTnh - omorganisering og utviding
007/2018	Referatsak

001/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

22.02.2018 KOMMUNESTYRET

Det vart gjort framlegg om Tove Kristin Sleire Tistel og John Torsvik til å skrive under møteboka. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 001/2018 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

22.02.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 002/2018 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

003/2018: Mindre reguleringsendring Hosteland sentrumsområde

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune vedtek at det i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14 vert gjort følgjande mindre reguleringsendring i reguleringsplan for Hosteland sentrumsområde.

Punkt 3.5.1 i føresegna vert endra til følgjande formulering:

Maksimal utnytting for KBA1 er sett til %BRA= 90%. Maksimal mønehøgde er sett til 17,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

16.01.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 005/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommune vedtek at det i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14 vert gjort følgjande mindre reguleringsendring i reguleringsplan for Hosteland sentrumsområde.

Punkt 3.5.1 i føresegna vert endra til følgjande formulering:

Maksimal utnytting for KBA1 er sett til %BRA= 90%. Maksimal mønehøgde er sett til 17,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

22.02.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 003/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommune vedtek at det i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14 vert gjort følgjande mindre reguleringsendring i reguleringsplan for Hosteland sentrumsområde.

Punkt 3.5.1 i føresegna vert endra til følgjande formulering:

Maksimal utnytting for KBA1 er sett til %BRA= 90%. Maksimal mønehøgde er sett til 17,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

004/2018: 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Risnes tomteområde - Dragseidevegen

Rådmannen sitt framlegg:

Reguleringsplan for Risnes tomteområde vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjent på følgjande vilkår:

- Nytt punkt 5.1.3 (LNFR-området) skal inn i føresegnene:

Vegetasjonen mellom hyttene og sjøen skal takast vare på.
- Krav frå Statens Vegvesen som gjeld talverdiar på siktsoner og svingradius ved fylkesvegen skal påførast plankartet.

Det vert vist til planskildring, samt reviderte plankart og revidert føresegn dagsett 31.08.2017.

16.01.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 003/2018 VEDTAK:

Reguleringsplan for Risnes tomteområde vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjent på følgjande vilkår:

- Nytt punkt 5.1.3 (LNFR-området) skal inn i føresegnene:

Vegetasjonen mellom hyttene og sjøen skal takast vare på.
- Krav frå Statens Vegvesen som gjeld talverdiar på siktsoner og svingradius ved fylkesvegen skal påførast plank

Det vert vist til planskildring, samt reviderte plankart og revidert føresegn dagsett 31.08.2017.

22.02.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

John Torsvik (H) sette fram følgjande tillegg til framlegg til vedtak:

nytt rekkefølgekrav 1.3.4 i føresegnene:

Før det kan gjevast igangsettingsløyve til hytter innafor planområdet må infrastrukturen knytt til veg, vatn og avlaup m.v fram til tomtene i bustadområda BF1, BF2 og BF3 vera ferdigstilt.

Framlegg til vedtak med tillegget frå H vart samrøystes vedteke.

KS - 004/2018 VEDTAK:

Reguleringsplan for Risnes tomteområde vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjent på følgjande vilkår:

- **Nytt punkt 5.1.3 (LNFR-området) skal inn i føresegnene:**
 - **Vegetasjonen mellom hyttene og sjøen skal takast vare på.**
- **Krav frå Statens Vegvesen som gjeld talverdiar på siktsoner og svingradius ved fylkesvegen skal påførast plankartet.**
- **Nytt punkt 1.3.4 skal inn i føresegnene:**

Før det kan gjevast igangsettingsløyve til hytter innafor planområdet må infrastrukturen knytt til veg, vatn og avlaup m.v fram til tomatene i bustadområda BF1, BF2 og BF3 vera ferdigstilt.

Det vert vist til planskildring, samt reviderte plankart og revidert føresegn dagsett 31.08.2017.

005/2018: Drøfting oppstart av offentlig reguleringsplan for naustområde på Hosteland med omkringliggende areal

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til drøfting.

16.01.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet ønskjer at det vert laga eigen reguleringsplan for naustområde på Hosteland med omkringliggende areal og at saka kjem attende til formannskapet som oppstartsvedtak.

Reguleringsplan for vegløyning for fv 570 butikken på Hosteland til tunnelen, samt kryss fv 570 Fensfjordvegen x fv 376 Yndesdalsvegen inkludert avkøyringa til Hosteland kai / Treet vert å kome attende til og vert framlagt som eige sak.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 004/2018 VEDTAK:

Formannskapet ønskjer at det vert lage eigen reguleringsplan for naustområde på Hosteland med omkringliggende areal og at saka kjem attende til formannskapet som oppstartsvedtak.

Reguleringsplan for vegløyning for fv 570 butikken på Hosteland til tunnelen, samt kryss fv 570 Fensfjordvegen x fv 376 Yndesdalsvegen inkludert avkøyringa til Hosteland kai / Treet vert å kome attende til og vert framlagt som eige sak.

22.02.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta

Tove Kristin Sleire Tistel (V) sette fram følgjane endringsframlegg:

Masfjorden kommunestyre vedtar at reguleringsplan for naustområde på Hosteland vert starta opp 1.halvår 2018.

Reguleringsplan for vegløyning for fv 570 butikken på Hosteland til tunnelen, samt kryss fv 570 Fensfjordvegen x f 376 Yndesdalsvegen inkludert avkøyringa til Hostelandl kai / Treet vert fremja som eigen sak.

Framlegg til vedtak frå V vart samrøystes vedteke.

KS - 005/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre vedtar at reguleringsplan for naustområde på Hosteland vert starta opp 1.halvår 2018.

Reguleringsplan for vegløyning for fv 570 butikken på Hosteland til tunnelen, samt kryss fv 570 Fensfjordvegen x f 376 Yndesdalsvegen inkludert avkøyringa til Hostelandl kai / Treet vert fremja som eigen sak.

006/2018: IKTnh - omorganisering og utviding

Rådmannen sitt framlegg:

1. Masfjorden kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.
2. Masfjorden kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

13.02.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 012/2018 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.
2. Masfjorden kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

22.02.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 006/2018 VEDTAK:

1. **Masfjorden kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.**
 2. **Masfjorden kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.**
-

007/2018: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

22.02.2018 KOMMUNESTYRET

Skriftlege spørsmål:

Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) stilte følgjane spørsmål:

Vi lurer på korleis styringsgruppa for handsaming av kommuneplanen er sett saman? Frp har ikkje vore kalla inn til møte vedr. Kommuneplanen og eg er kjent med at Venstre heller ikkje har vorte kalla inn på desse møte i styringsgruppa. Det vil vere heilt naturleg at styringsgruppa vert utvida til å inkludere alle parti i denne viktige prosessen. Det vil vere vanskeleg for oss å ha oversikt og ta stilling til denne planen, når vi ikkje har vore ein del av heile prosessen.

Masfjorden FrP vil dersom foreslå at FrP og Venstre også får ta del i desse styringsgruppemøta vedr. Kommuneplanen.

Kommunestyret slutta seg samla til dette og ordførar kjem tilbake med den praktiske løysinga.

Referatsaker:

1. Avtale om presteteneste i Gulen, Masfjorden og Solund
2. Oppdatert Sakliste Regionråd 2-2018
3. Møteutskrift - Kontrollutval Masfjorden 15.februar 2018
4. Særutskrift: Kontrollutval si årsmelding for 2017 - Masfjorden kommune
5. Skatt t.o.m. november
6. Skatt t.o.m. desember - 2017
7. Skatt t.o.m. desember

Orientering frå ordførar:

- arbeid med punktutbetring av fv 570 har vore på anbod og ein er i sluttfasen med forhandlingane.
- lærlingeordninga - ein ser på om Nordhordland kan ha ein lærlingegaranti.
- møte med statssekretær (FrP og KrF) i samferdsels- og kommunaldepartementet ang Masfjordsambandet.

Orientering frå rådmann:

- endring av møteplan for kommunestyret:
 - 30.april vert flytta til 3.mai
 - 14.juni vert flytta til 18.juniKommunestyret slutta seg til desse endringane
- Felles Næringspris med Gulen - endra framdrift for å fremje kandidatar. Masfjorden kommune sluttar seg til vedtekene lagt fram av Masfjorden og Gulen næringsråd.
- Rådmannen orienterte om framdrift for saldering av budsjettet inkludert distriktsindeksen og eigedomsskatten.
- Rådmannen orienterte om status for Tannlegesaka.
- Rådmannen orienterte om rekneskapen for 2017 som snart er ferdigstilt.
- Rådmannen orienterte om at det er gjort eit administrativt vedtak på at Masfjorden kommune står som utbygger for Ervikneset.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 007/2018 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 22.02.18 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

John Torsvik
kommunestyremedlem

Tove Kristin Sleire Torsvik
kommunestyremedlem